

Varhaugbuen

BLADET FOR BYGDA VÅR • NR. 3 2014

Lensmannsløa Ungdomsklubb

Side 6-7

Jærtreffet

Side 10

Jærmessa

Side 31-33

Varhaugmarken

Side 34



Kristian og Bella til topps



Jærbladet vforunn Erga Stensland

Haustbløyta

Den lette syntetfiber-dyna var ein lengre periode i sommar berre eit symbolsk minne om istider som var. Ho låg samanvassa og attgløymt i ein krull i fotenden på senga like til langt ut i august. Då vakna eg skjelvande kald ei langt framskriden natt av eit grensesprengjande torevêr så vått og høglydt at sjølv ein trimma versjon av Silo og Saft på Roskildefestivalen ville koma til å verka like lydlaus som ein minimalistisk fjert i eit bomullsisolert bomberom i kjellaren på Varhaug skule ei frostnatt i romjula.

Det var som om Vårherre sjølv ei veke ut i august ville seia i frå om at det no fekk vera grenser på late, tørre sommardagar med temperaturar kring 30 grader. Flaumen som kom sette ein liten støkk i dei av oss som har levd i den villfaringa at vatn i store mengder ikkje er noko problem på Jæren. At friviljuge brannfolk skulle koma til å måtta evakuera eldre i vår nabobygd i sør ved å løfta dei ut gjennom vindauga og bæra dei på ryggen over villfarande bekkar til fast grunn på hi side av den midlertidige Genesaretsjøen i området kring Misjonshuset på Vigrestad, ville knapt den mest fantasifulle blant oss profetert, før himmelens slusar opna seg fullstendig og på gamlestamentleg vis om morgonen 7. august.

Me slapp 40 dagar og 40 netter. Ein handfull timar var meir enn nok. Uvêret gjekk av i likaste laget. Mons fekk det lettare enn Noa, som i hine hårde dagar berre hadde familien til menneskap. Ordføraren og dei andre kommunale var fleire og fekk fylkesmanns Magnhild-skryt for handteringa etter flaumen sine herjingar.

Etter flaumen kom hausten. Brått og brutalt. Kanskje får vi etter kvart ein flott haust med raude bær og frisinna frukt, men det er uansett snart på tide å leggja på vinterdekk og dundyne. Krypa i hi i bustad og blokk. Festa lausøyra i tunet og frakta upålitelige maskinfletta stolar med miljønøytral skumplastpolstring frå terrassens Halvorsen-olja overflate ned i frostfri og aller helst flaumsikker kjellar. Det nærmar seg tida for å fyra i omnen og starta fjernsynsapparata slik at Gislefoss kan fortelja oss kva slags vør vi har ute.

Mange har utfordringar langt ut over det som ein fuktig kjellar måtte føra med seg av ekstra strev denne hausten. Mitt bidrag til Varhaugbuen denne gongen er ei helsing til alle som for tida er i ferd med å forsera ei flaumstor elv utan å ha ein sterk brannmannsrygg å klamra seg til. Det kan vera han som

nett har blitt åleine. Eller ho på 74 – som slit med vonde kne og utslitne skuldrer etter eit strevsamt yrkesliv på hardt fabrikkogolv. Eller ho som hadde nok med forkalkingar i skulder og olboge, men som no får trua og framtida utfordra etter at legen har fjerna vondarta lymfer i armholene.

Helsing går også til ein som er farfar. Han er aktiv pensjonist med to Paracet innabords – med trøblete prostata og skeive nakkevirlar. Med garasje på stell, barnebarn på stasjonen, høvelbenk i kjellaren og ei andaktsbok på nattbordet som sjeldan blir opna, men som han ikkje heilt vågar å arkivera for godt.

Ein flaumtopp kan nå alle. Det kan fløyme over for travle mor med tre barn i skulepliktig alder. Ho er full av uro over 12 åringen som heller vil flytte inn i nettbrettets virtuelle verden enn å vere til stades blant familie og vener. Bølgjer av uro kan også slå inn over foreldra til ei dotter på 14 som ikkje torer å vise sitt sanne andlet framføre veninnene før ho har brukt ein time bak låste dører framføre spegelen på badet med foundation og eyeliner. Foreldre som innser at dei har ei dotter som har sin livskvalitet basert på talet likes på Facebook, kan kjenna at dei er på utrygt farvatn.

Ein brottsjø kan slå inn over ei mor som er så lamande redd som ei mor kan verta etter at 16-åringen kom ramlande heim på laurdagskvelden lenge etter avtalt tid – med sløra blikk og ein pust som ikkje akkurat minna om Pepsi-Light. Det same gjeld for ein far i 40 års krise. Han som held maska – og ser ut til å ha kontrollen på livet sitt. Far sitt skinn bedrar – slik skinn til fedrar på 40 ofte gjer. Far på 43 med ny Audi Q5 med setememory og nøkkelfri start. Med hytte på Lindesnes med villmarkspanel og sauna. Far med litt samarbeidstrøbbel på arbeid. Far med uro over familieøkonomien. Far er bare eit menneske. Far er kanskje ikkje så trygg og sterk som det kan sjå ut til.

Her er også heldigvis smul sjø og solgangsbris. For eksempel hjå paret som nyleg valte å dele seng og kjøkkenbord med kvarandre. Fulle av forelsking, glede og forventningar over det som eit samliv kan bere med seg av søte frukter og en fremtidsdag så lys og lang. Her er hyperaktive minstemann med polstra eingongsbleier og feit

sinksalve på rumpa. Minstemann som enno ikkje er i nærleiken av å tenkja på at han er på veg inn i eit liv som ikkje alltid føregår med medvind i seila. Heldige minstemann!

Eg har ikkje hytte på Lindesnes med villmarkspanel og sauna. Ikkje har eg ny Audi Q5 med setememory heller. Eg kjører ein eldre drosje-Mercedes, skodd med dei rimelegaste dekk som kan oppdrivast på den asiatiske marknaden. Eg er elles i same båten som dei fleste av oss. Med andre ord ein slags seglar på livets hav.

Men sjøvant er eg ikkje. Kompass og radar er ikkje mine favoritt-instrument. Eg er ingen kløppar på navigasjon, er heilt utan sydvest og elles usikker på om redningsvesten er Veritas-godkjent.

Det er ikkje så farleg. For mitt strandhogg på Varhaug er rimeleg permanent. Det er ei god bygd å kaste anker i. I vørs og i uvørs.

Sjur Håland

Støtt opp om annonsørane våre, dei støttar Varhaugbuen!



H&R REGNSKAP OG DATA
Daglig leder: Rune Odland
Autorisert regnskapsfører
Rådhusgata 2, Boks 104, 4368 Varhaug
Tlf. 91511088 E- mail: runeo@hrd.no

Maskinstasjon:

- Skurtresking
- Traktor og dumper

Verksted:

- Salg av landbruksutstyr
- Salg av landbruksdekk/felger
- Reparasjon av landbruksdekk
- Service og reparasjon av traktor og landbruksutstyr



JG MASKIN
Jan Gunnar Undheim
Kontorveid 1 - 4360 VARHAUG
Tlf. 90 48 48 08 -
Mob. 46 82 84 10-27 72 40 01

SLÅING • RAKING • PRESSING
DIREKTESÅING

**ÅNESTAD
MASKINSTASJON**

Jarle 97 67 03 63 • Erlend 90 08 14 10

SpareBank
SR-BANK

Sammen får vi ting til å skje.

Varhaugbuen

Desse laga står bak Varhaugbuen: Varhaug bondelag, Varhaug bygdeungdomslag, Varhaug bygdekvinne-lag, Svala 4H, Varhaug Misjonshus, Varhaug Bedriftsforening, Varhaug Skulemusikkorps, Varhaug Fråhalds-lag og Vennelaget for Lerbrekk Skule og Elgane Motorsykel klubb.

Styret for Varhaugbuen er:

Leiar

Jon Harald Håland, bedriftsforeninga

Nestleiar

Brit Obrestad,
Vennelaget Lerbrekk skule

Sekretær

Per Arvid Jakobsen, misjonshuset

Styremedlem

Aud Bratland Bø, bygdekvinnelaget

Styremedlem

Olav Varhaug, Bygdeungdomslaget

Varamedlem

Halldis Lie Byberg, skulekorpset

Varamedlem

Runar Odland, bondelaget

Redaktør

Liv Hobberstad

Me har valgt å ha med det gamle kapellet på Varhaug som eit "kjennemerke" for bladet. Kva passer vel betre då enn å ta med eit av versa om kyrkjegarden av vår store poet Elisabeth Reiestad - 1906-1978.

"Det ligg ein kyrkjegard ved hav i still og einsam ro.

og graset legg om namnlaus grav ein gløymseleknad god.

Men ein og annan merkestein held fast eit minne enn der han står vakt om deira bein som levde i vår grennd "





Typhonix AS

Varhaugbuen har lenge prøvd å få med noko frå denne bedrifta i bladet, men Sjefen sjølv, Trygve Husveg, meinte det var ikkje så mykje å skriva om. Det har ikkje eg meint, og endeleg har det lukkast. Og det var på høg tid, for nå skal kontordelen av bedrifta flytta frå Varhaug. Men sjølve verkstaden vil framleis halda til i Ånestadvegen 8 på Varhaug. Trygve seier dei har hatt problem med å få tak i ingeniør i lengre tid, og Varhaug er nok ikkje den mest spanande plassen. Dei hadde håpa på ingeniør frå Hå eller nabokommunane, utan at det har lukkast. Men nå har dei tilsett ein frå Holland.

Typhonix er ei så spesiell bedrift med så mange, for meg heilt, ukjende ord og uttrykk, at der måtte eg melda pass til eit intervju med Trygve. Difor fekk eg den daglege leiaren, Ole Jørgen Engelsvoll til å skriva noko.

Eg veit frå tidlegare at mange som les bladet er interessert i få litt meir kjennskap til dei stykket handlar om. Trygve Husveg er sonen til Gudrun Tora og Johan, og bur på heimegarden på Husveg, så nå treng de ikkje lura lenger på det.

På Varhaug har me mange gode bedrifter, men eg tykkjer dette må vera ei av dei mest spanande. Eller kva seier nå de?

LIV



Utvikling av ventiler og pumper for en renere og mer effektiv oljeproduksjon

Typhonix utvikler separasjonsvennlige ventiler, pumper og annet utstyr for en renere og mer effektiv oljeproduksjon. Vi er i dag 6 ansatte og har siden 2010 hatt lokaler i Ånestadvegen 8 på Varhaug. Etablering av selskapet har utgangspunkt i gründer Trygve Husveg's doktorgradsarbeidet fra 2007 rundt bruk av sykloner i petroleumsprosesser. Etter hvert har en dyrket frem en spesialkompetanse i selskapet rundt fluidmekanikk, skjærkrefter, turbulens og emulsjoner i forbindelse med oljeproduksjon. Mye av aktiviteten vi har hatt på Varhaug har handlet om testing av prosessutstyr der vi varmer opp vann, tilsetter salt og små mengder olje og ser hvordan blandingene oppfører seg ved ulike utforming på utstyret sier daglig leder Ole Jørgen Engelsvoll. Lokaliseringen på Varhaug har vært veldig bra da vi har flere gode underleverandører i umiddelbar nærhet.

Gjennom ny teknologi for forebygging av separasjonsproblemer skal vil gi oljeselskaper en renere og mer kostnadseffektiv produksjon. For oljeselskapene innebærer dette:

- Mindre vann i produsert olje
- Mindre olje i produsert vann
- Mindre behov for kjemikalier ved produksjon
- Enklere behandling av produsert vann
- Lengre levetid på oljebørner

Typhonix første produkt, en separasjonsvennlig choke ventil, ble våren 2012 for første gang testet offshore. Testen, som foregikk på Oseberg C, ga svært gode resultater der en oppnådde en reduksjon av restoljeinn-

hold i produsertvannet på 45% da en byttet ut en konvensjonell ventil med en Typhoon ventil. Ventilen har også blitt installert på et felt i Nederland og skal installeres på flere oljefelt i 2015.

Typhonix omsatte i 2013 for rett over 8 mill og hadde et overskudd på rundt 400'

Mer informasjon om Typhonix på www.typhonix.com

Typhonix AS i kortform

Hvem er Typhonix?

Typhonix utvikler prosessutstyr for renere oljeproduksjon. Selskapet som ble etablert i 2006 har

6 ansatte og lokaler på Varhaug. I selskapets portefølje finner en ventiler, pumper og flerfase prøvetakingsutstyr.

Hva er Typhoon Valve®

Typhoon Valve® er en patentert separasjonsvennlig ventil som reduserer uheldig sammenblanding av olje og vann ved oljeproduksjon. Det fysiske prinsippet i ventilen er som i en syklon der en bruker sentrifugalkrefter for å få til en mer skånsom og optimal trykkreduksjon.

Hva gjør Typhoon Valve®?

Ved å skifte ut konvensjonelle ventiler med Typhoon® ventiler vil en oppnå en renere og mer effektiv oljeproduksjon. På oljefeltet Oseberg C halverte Statoil restoljeinnholdet i produsertvannet ved å skifte ut en konvensjonell ventil med en Typhoon® ventil.

Teknologiens potensiale

For oljeselskapene vil Typhoon® ventilen kunne føre til raskere separasjon av olje og vann, mindre behov for kjemikalier og renere utslipp. I verden er det i dag rundt 900 000,-produserende oljebørner mens det på norsk sokkel er ca. 1 000. I tilknytning til hver brønn fins det en eller flere ventiler av denne typen.



Frå redaksjonen

Ja, så er Jærmessa over, og den fekk eg ikkje med meg. Då var eg nemleg på jentetur i Sveits, men eg tenkte på dei då eg hørde om regnveret. Eg hadde alliert meg med Kristin Søyland som har skrive mykje om kalvane og kyrne, og det er eg veldig glad for. Tykkjer mest eg har vore det.

Det var godt med ein fin ferie nå, for det vart ganske hektisk i slutten av august med førebuing av bladet og basaren til bygdekvinnelaget. Gildt å ha noko å ta seg til, men av og til vert det vel mykje på ein gong.

Eg hadde og ein veldig interessant og gild tur tidlegare, då eg mellom anna var på Røros, der eg fekk med meg friluftsspelet Elden. Det var ein utruleg førestilling ute i dei freda slagghaugane.

Så med den flotte sommaren me har hatt og desse 2 gilde turane, trur eg at eg er godt rusta til hausten og vintaren.





Lensmannsløa ungdomsklubb

No har ungdomsklubben på Varhaug snart eksistert i 1 år. Det har vore utruleg spanande å sjå kor mykje ungdom som kom, og ikkje minst kor mykje me har fått tid til. I gjennomsnitt har me hatt 30 ungdommar kvar onsdag, og på nokre arrangement opp til 60stk.

Ungdomsklubben har no vore så heldige å få til ein avtale med frisklivssentralen, der me har fått ein liten slump pengar som skal gå til gratis mat klubbkveldane. Dette betyr at me kan tilby ein porsjon mat til kvar enkelt som kjem, kanskje heilt fram til jul.

Ungdomsklubben er open for alle ungdommar i kommunen, og me har hatt besøk i frå alle bygdene i Hå, men mest frå Varhaug og Vigrestad.

Ein vanleg klubbkveld består av å lage/ete mat, spele spel, drøse, sy, sjonglere, flørte og kanskje bli kjende med nye folk. Ofte har me konkurransar på facebook, med premiering til ein eller fleire. Klubben har og vore på kino, bowla og hatt grillkveld. Nokre ungdommar kjem tidleg, andre rett før me stenger, nokre er innoom ein halvtime, andre heile kvelden. Me har ope, og vaksne tilgjengeleg, men ungdommane styrer aktivitetane

sjølv. Me har og ein mekkeklubb, som treffast torsdagar. Dei som er interesserte i dette, kan ta kontakt med Monica 48077515, eller innboks på facebookgruppene (Lensmannsløa ungdomsklubb eller ungdomsklubb Hå)

Dette året har me og hatt mange arrangement. Me hadde ope julafta, der me laga pepperkaker, åt graut og spelte spel, me hadde teiknekurs med mange fantastiske deltakarar, ungdomsrådet hadde føredragshaldar under veka for gjensidig respekt, me fekk besøk av rapperen Atlars, der ungdommane laga og spelte inn ein song, arrangementet jentekveld blei ein kjempesuksess og me var og med og arrangerte king of swing og skumparty på Nærbø.. PHU! Travelt år, men dette skuleåret som kjem no, vil me kanskje gjera endå meir spanande.

Me har samarbeida ein del med Nærbø ungdomsklubb. Nærbø Ungdomsklubb har no fått ny Fritidskonsulent, Gjertine Hognestad, og me held fram samarbeidet. Ungdomsklubbane har ope same dag, og begge tek imot ungdom frå Hå. Nærbø ungdomsklubb opnar ikkje heilt enno, men info om oppstart kjem på facebook, og ut på skulane.

Samarbeidet mellom klubbane skal etter planen bl.a gi eit tilbod for dei som er frå 10.trinn og litt oppover. Elles skal me få til guttekveld i løa, King of swing held som vanleg fram på Nærbø og nokre diskotek i tillegg. Alt dette før jul!

I haustferien reiser ungdom frå Ungdomsrådet i Hå, saman med nokre ungdommar frå klubbane som har søkt om å få vera med, til Polen i eit prosjekt knytt til ytringsfrihet. Der skal dei møta polsk ungdom og ha aktivitetar og møter om tema. Her deltek ungdom frå dei fleste bygdene i Hå.

Som de ser har det vore, og held fram med å vera ein del aktivitet. Me er takknemlege for all støtta og den positive haldninga vaksne har til klubben og løa. Det var ekstra stor stas når me fekk låne plass til mekkeklubben i maskinhuset sjå Hans Aanestad og Ordin ville gå dugnad for at ungdom skulle få mekke, og jubel då bondekvinnelaget gav oss 2 splitters nye symaskinar! Det er godt å kjenna velvilje for at ungdommen skal trivast og ha ein stad å vera.

Monica C Herredsvella, aktivitetsleiar for ungdom, Hå Kommune

Westernfest i Lensmannsløa 5.sept

Ungdomsklubbane i Hå arrangerte Westernfest 5. september i Lensmannsløa. Med profesjonelle lyd- og lysfolk, mekanisk okse, kiosk og konkurransar, fekk me prøvd ut løloftet. Ungdommane svikta oss ikkje! Over 100 ungdommar, mange av dei utkledd som cowboyar, vitja westernfesten. Ja, det var til og med kø på løebrua før me opna dørene. Arrangementet gjekk over all forventning. Me opplevde at ungdommane koste seg, flott framferd og mykje smil og latter. Då me sette i gang med linedance, imponerte ungdomane med høg deltaking, gitar som jenter.

Vennelaget stilte med vaksne vakter, som rusla i uteområdet og såg til at alt gjekk fint føre seg. Det var ekstra gildt når ungdommane ynskja fleire slike arrangement og fortalde at dei hadde storkost seg. Vinnaren på oksa sat på i 3 min og 39 sekund! Kåring av dei best kledde var vanskeleg, då svært mange hadde ordna seg flotte kostymar. Vinnaren blei den som hadde mest detaljar på plass. Me gler oss til fleire ungdomsarrangement i løa!

(Alle bileta er tekne av Camilla Ystanes)





Varhaug Bygdekvinnelag



Så er sommaren over for ein sommar dette vil me hugse og snakke om lenge og ikkje minst har det gitt energi til å møte hausten.

Me i Bygdekvinnelaget har nett fått unna basaren som ga eit godt overskudd takka være alle som har teke lodd og så ein stor takk til alle bedrifter som har gitt gevinster her har Liv også iår gjort ein kjempejobb, TAKK.

Årsmøtet er så i sept, torsdag 25 i Løestova og då kjem Reidun Sirevåg og kåserer om Prøysen og sjølv sagt skal me syngja viser frå han. Olaf Varhaug vert med å spela til sangane. Det vert servert Pizza kaffi og kaker.

Oktobermøte torsdag 30 er også i Løestova og da kjem Trine Taksdal ; tema «Høstens Grøde» Trine kjem i regi av Margit Veia kjend kurshalder om mat så her kan det verta spennande!

Torsdag 27. nov. vert det adventsmøte i løa hjå Kari og Lars på Reiestad.

Demonstrasjon av advent/og jul av Lotus Blomster, så litt underholdning,, men kva????

Julemøte skal me ha det eller? Mykje foregår i desember konserter o.l me har ikkje planlagt noko, men er det nokon som vil bidra, komme med innspel er me sjølv sagt med.

Gågrupper holder på, oppmøte kvar mandag på Iden kl. 9.30, likeså trimmen med Sissel Høien kvar tirsdag kl. 10. 00 til 11.00 i gamle salen på Iden strikkekafeen 1. måndagen i månaden i Løestova frå Kl. 16.30. Alle Velkomne!

P.S. Saker som de ynskjer opp på årsmøtet må være innkomne til styret innen 10. sept.

Vil så ynskja alle ein fin haust veret ingen hindring!

Oddbjørg

KURS: VARHAUG BYGDE-KVINNELAG 2014/2015

18. SEP BARNEMAT KURS , NATURLIG MAT- DEN BESTE START.

Kurs for mor/far sammen med barn.

Trine Taksdal held kurs i regi av Margit Veia. Lær og lag babygrøt på tre minutter..smaksprøver til store og små.

Tid: 18 sep. kl 11-14

Sted: Lensmannsløa

Pris: 600

Påmelding: Lenita Salte 41 44 70 71 innen 15 sept.

LEFSE,KRÅTEKAKE,NORDLANDSLEFSE KURS MED MØYFRID SIREVÅG.

Kurset vil gå over 3 torsdagar.pris 1000 pr person.

9 okt: nordlandslefse.sted varhaug skule kl: 18:00

16 okt: kråtekake sted varhaug skule kl : 18:00

23 okt: lefse sted varhaug skule kl : 18:00

Påmelding innen 20 sept til: Lenita Salte 41447071. Fint viss nokon tek med kjøkkenvekt. Alle må ha med forklede og noko å frakte bakverket heim i.

Så vil det bli bunadkurs (bunadmontering) i lag med nærbø bygdekvinnelag, med oppstart 8 januar.

Det vil bli over 8 kveldar frå 18:00 – 21:00

Kursansvarleg er Reidun Håversholm

Sted: kjem vi tilbake til.

Påmelding: Lenita Salte 41447071

Det vil og bli fotokurs og forhåpentligvis førstehjelpskurs etter jul. Er det nokon som har ønske om noko dei vil ha kurs i,ta kontakt,så prøver me å imøtekome ønska.41447071(Lenita Salte)

Det vert hengt opp lappar om kursa på Spar og Coop i god tid føre kursa.





JÆRBELGEN TREKKSPELKLUBB INVITERER TIL

JÆRTREFFET 2014 VARHAUGHALLEN

19. - 21. SEPTEMBER

I samarbeid med Varhaug Idrettslag vil Jærbelgen TK og i år arrangere
danse og spelemannstreff i idrettshallen på Varhaug.
Det blir variert dansemusikk av grupper frå heile Rogaland.
HER BLIR DET LIV! KOM OG DANS

Som vanleg under Jærtreffet, vert det allsang i Salen
lørdag kl. 13.00. Jærbelgen spelar, og dei har og med
sanghefte, så her er det berre å møta opp. Etterpå er
det høve til å kjøpa både middag samt kaffi og kaker.

Det kjem 15-16 forskjellige orkester som spelar opp
til dans både fredag og lørdag. Litt countrymusikk
vert det og, for Ole Ingvalds frå Hægebostad, er dette
musikken dei svingar opp med begge dagane.

Det er gjort klar plass til 80 bubilar knytta til straum.
Men kjem det fleire, så ordnar me dette og.

Det er sal av mat kvar dag omtrent til leggetid.



Gild tur til Røros

27. juli – 2. august var eg med Annetur på ein fin tur til
Vauldalen Fjellhotell og Røros. Dette var og ein tur i regi av
Rogaland bygdekvinnelag. I tillegg til meg var det ein Håbu
+ fire med tilknytning til Hå + mange andre.

Her hadde me mange flotte opplevingar, både på Røros,
med friluft spelet Elden, og i Sverige og besøket i det nye og
flotte fjellmuseet i Funåsdalen. Ikkje minst var turen opp til
Sveriges høgfjellsplatå, Flaturet på 975 m flott. Turen på Fe-
munden og lunsjen på Femundshytta var heller ikkje noko
ein får med seg kvar dag. Toppen på alt var nok kvelds-

maten i Volldalskoia, som er nybygd, men tufta på gamle
byggetradisjonar i stein og tømmer, og med eldplass midt i
romet og ljore i taket. Ein utruleg spesiell kveld med god
mat i godt selskap vart liksom eit punktum på dei flotte da-
gane i fjellheimen.

Vertskapet på hotellet i Vaudalen er noko av det mest heims-
lege eg har vore med på, så eg håpar eg får ein ny sjanse til
å koma dit.

LIV

LOPPEMARKED PÅ LÅVEN

i Lensmannsløa under Varhaugmarken.

Me samlar inn lopper og treng ditt bidrag i form av fine salgbare saker. Andre kan ha stor glede av ting og tang som du
ikkje lenger har plass til.

Det er ei stund til varhaugmarken 2015, men tenk på loppemarkedet neste gong du har planar om å kvitta deg med noko.
Me er glade for alle bidrag, men det må jo vera ting som kan seljast vidare.

Du kan melda inn lopper/saker som skal hentast til Kari Nord-Varhaug 97 51 74 71.

Meir info i neste nummer av Varhaugbuen.

Loppemarkedet er eit samarbeid mellom Varhaug Skulemusikkorps og Kultur i Løa.



Korpsnytt

Vi avsluttet korpsåret vårt i juni med en veldig fin og koselig tur til Kristiansand Dyrepark med ei overnatting. Høydepunktet var nok å bli vekket av sjørøvere og bli tatt med på omvisning i dyreparken hvor noen fikk holde bl.a slanger.

Men nå er det høst, og like sikker t som at alle skolebøker skal ha bokbind (joda, jeg vet at det heter bræe) begynner også ett nytt korpsår. Og selv om vi er små har vi mye spennende på gang bl.a

Helgen 6. -7. september skal vi ha seminar i sammen med andre korps for både hovedkorpset og våre nye aspiranter.

8. nov deltar vi i Stavanger Open med nytt og spennende program.

Og før vi vet ordet av det må vi finpusse på julesangene.

Vi har fortsatt ledige plasser i korpset så bare ta kontakt med dirigent eller leder hvis det er noen som har lyst til å begynne som aspirant.

Rett etter høstferien i uke 42 kommer musikanter og foresatte rundt omkring i bygda med «grise-lotteri»- bøkene våre. Gevinster er gavekort fra Skretting a/s. Så håper vi at dere Varhaugbuere gjør som t idligere å møter oss med et smil og åpne lommebøker!

Vi i styret har allerede begynt så smått å tenke på en ny sommertur for musikantene våre, men de kortene holder vi fortsatt litt hemmelig,...

Halldis



Vennelaget for Lensmannsgarden presenterer:

18/9 Kortreff på Låven med Klepp Mannskor,
Hå dur & Moll og Vigrestad brassband.

23/10 "Varhaug på 50-60 og 70 talet" v/Leif Reiestad.

20/11 Juleverkstad for vaksne. Med blomsterdekoratører.

28/12 Romjulkonsert med Silje E. Varhaug, Sonja-Beate Egge, Steinar Mossige og Liv G. Skretting.

Programmet oppdateres på plakater, facebook sms og mail.

For å få påminning på SMS og mail, kan dere melde dere inn i vennelaget (gratis) ved å sende SMS med navn og e-post adresse til: 976 88 571

"LIK" Kultur i Løa på Facebook



Lerbrekks brua

"Slik skreiv Brit til meg om morgenen 21 aug."

God morgon Liv,

Nå er siste kapittel i Kalvarudlå klart. Kom heim frå bi-bloteket i går i ½ 4 tida, og då fjerna dei skiltet i krysset ovanom Morten. Dermed sykla eg nedover då eg tok ut att litt seinare. Hadde berre mobilen, så eg veit ikkje om du kan bruka desse eller eg skal ta fotoapparatet. Skal på stasjonen i dag, så eg kan jo ta det med. Men då får eg ikkje bilen med.

Det er mest ikkje til å tru. Men i går fjerna dei siste speringane og skilta med stengd jernbanebru for Kalvarudlå. Den er open for små bilar. Men om eg vågar å køyre er ei anna sak, for kjem det ein bil frå andre sida så eg må rygge mellom desse kolossane er mur som dei har sett opp, vil eg treffe mellom utan å skrape opp bilen? Brua krasja den 23. juni 2009. Ting går ikkje fort i statlege etater, det er i alle fall sikkert,.

Ha ein strålande torsdag,



Varhaug Servicenter AS
Tlf. 51 43 02 33 - 43 60 Varhaug
www.varhaug-servicenter.no



Varhaug
Park & Hage

Dublandsv. 35A, 4360 Varhaug
Tlf. 51 43 59 00 - www.vph.no
E-post: post@vph.no

NORGESHUS
Varhaug
jonharald@norgeshus.no

Hagestevne på Sør Varhaug

Det var den 24. august og tid for Hagestevne på Sør-Varhaug. Regnet kom sidelengs frå nord og me var spente på kor mange som ville koma. Vertane Åse Marie og Håkon hadde gjort løa klar for besøk, slik at opplegget foregikk inne. Først var det maten, grillene var varme frå kl.12.30. Då møtedelen starta 13.30 var me om lag 70 stk i alle aldrar.

Odd Dubland var med og song og talte til oss. Det vart opphaldsvær og ungane var ute og hadde ein kjekk sporleik. Etter møtet var det tid for å steike lapper, drikke kaffe og drøse enda meir.

Ein hyggeleg dag! Håper du kjem neste år.

Helsing NMS styret.



Elgane Motorsykkelklubb

Det nærmer seg slutten på en hektisk og kjekk sesong. Me har arrangert fleire stevner, både store og små der det absolute høydepunkt for dei fleste var første runde I NM Motocross som gikk av stabelen 28 - 29 Juni.

Det er tradisjon at motocross Norge tar turen til Jæren nÅr Åpner NM sesongen. Hele Norgeseliten var på plass, så det var fart og gøy.

De tilreisende var som vanlig imponert over anlegg og gjennomføring. Ikke minst da ordføreren I Hå, Mons på Skrettingland tok turen opp på søndag for å kikka på og overrekka blomster til vinnere av noen av heatene. Veldig bra og god reklame for Elgane og Hå Kommune.

Ellers har me MANGE gode støttespillere på Elgane, eller hjelperyttere som Dag Otto Lauritzen kaller dem. Dei kjem aldri på resultatlistene, det er aldri bilder av de i media men uten desse hadde ikkje lag som Elgane eks i stert.

Eg har oppfordra ein av dei, Geir Krister Nærland til å skriva litt om sesongen for speedway.

SPEEDWAY

I skrivende stund så er det ca 1,5 mnd igjen av speedway sesongen. Vi rekner 3 klasser i speedway; mikro 50kubikk for nybegynnere og barn fra 5-10 år. Knatt 85 kubikk fra 10-16 år, og 500 kubikk fra 16 år. Elgane har ca 6 mikrokjører og rundt 8 knattekjørere pr i dag. Noen er med på trening og



oppvisningløp mens andre kjører aktivt i Danmark, som er ein stor speedwaynasjon med verdensstjerner i hver klubb. I Norge er det bare 500cc som har lag nok til å kjøre ligarunder. Der gjør Elgane det veldigt bra, de vant det som var Å vinne i fjor og laget er enda sterkere dette året. De har allerede 1. og 3. plass i NM Par og det skal veldigt mye til for at de ikke tar ligas seiern også bare 1 runde igjen. Med det sterke mannskapet så skal de bite godt fra seg i NM individuelt som går på Riska i slutten av august.



FARGERIKE

FARGERIKE HALVORSEN



BETONGARBEID - TREARBEID
Mølleavn. 12, 4360 Varhaug • 51 79 85 79

VARHAUG hud- og fotterapi
v/ Heidi Dubland Bø

Føttene trenger også fagfolk !

Mandag og torsdag 15 - 19
Tirsdag og fredag 9 - 15

Tlf. 51 43 13 69 / 412 76 679 Varhaug (2. etg. SR-bank)



Lufta bilen



Den har for det meste stått i garasjen i sommar. Med den flotte sommaren som me har hatt, så er det sykkelen som har vore det store turfylgjet. Så vart eg invitert med på tur til Suldal saman med to veninner, og sa at då kan eg køyre, slik at bilen får lufta seg skikkeleg. Ikkje berre nokre små-rippar.

Ein tur til Suldal inneber 2 ferjer kvar veg. Me tok av stad ein fredag ettermiddag, og heim att sundag ettermiddag. Midt i verste hytterushet. Og då blir som regel omkvedet; kjem me med ferja eller ikkje? Lang kø er ikkje noko uvanleg syn på slike tider. Ferien er heller ikkje heilt over for alle.

Kvinneleg sjåfør 60 pluss, pluss, seier gjerne; mitt sertifikat går ikkje lenger enn til Bryne, eller i nauda til Sandnes. Den som seier slik har mann som kjører. Eg har ikkje mann, så eg må kjøra enten det er slik eller slik. Nå, ja, eg kunne lete ei av dei andre køyrt denne turen, men då må eg dopa meg så eg ikkje blir bilsjuk. Og bilen har godt av å få fresa seg litt. Eg likar å køyre, men er vorte meir syten med lange turar åleine. Ikkje berre for at det er kjedeleg, men og for at bilen er gamal. Dersom den skulle få trøbbel er det betre å vera fleire, trur eg. Kanskje ikkje for dei andre, men for meg.

Så me tek ut med første stopp Lauvik ferjekai. Lang kø, men me kom med. Øysan, blir kommandert på galleriet, men heldigvis i unnabakke. Då er det heilt greitt. Har panikk for bakkestart med ein bil hakk i hel bak. Alle andre bilar er jo reine luksusen i høve til den gamle Astra'en. Må for all del ikkje renne i baken på ein BMW, SUV eller Mercedes. Det skulle ta seg ut.

På Hjelmeland syner det seg at me må stå over ei ferje. Då er det godt med kaffi og niste til å korte tida. Ta ein rusletur ut og strekke beina, og ikkje bli irritert om ein ikkje kjem med. Det er jo ikkje lange snurten over.



Sundag er det heimtur. Men først skal me plukka blåbær. Me har vore ute og sondert terrenget laurdag, og fann litt blåbær. For at ho som er i selskap og skal få bær, utset me plukkinga til sundag. Fire liter store, fine blåbær er reine bonusen.

På Nesvik er ferjekøen lang, så me reknar helst med at me må stå over. Men så nærmar det seg vår bil, og me kjem med. Også på Oanes kjem me med, men så er det dette galleriet – må me dit? Ser at det fylles opp. Den som er framom slepp. Han sneik i køen, køyrde forbi meg for litt si. Men der peikar guten opp! Øy og uff!!! Midt i verste bakken med ein bil hakk i hel. Han ville ikkje så tett, men blir kommandert nærare. Ho i baksetet seier nei, men eg lyer og køyrer opp. Held nesten pusten for å mobiliserer bakkestarten om 10 minutt. Handbrekket er i botn. Trør på bremsepedalen når eg startar. Torer eg flytte foten frå bremsa til gassen?? Eg må!! Bilen daudar og eg skilr litt bak. Anar ikkje kva slag flott bil det er. Har meir enn nok med å passa på meg sjølv. Men det er tydeleg at han er redd meg. Startar ein gong til. Gir meir gass, og så går det faktisk. Takk og lov! Det luktar svidd gummi. Trur aldri det har lukta svidd gummi frå meg før, sjølv om har køyrt i nesten femti år. Ho i baksetet seier mange gonger at ho hadde nekta å køyre opp. Lett å sei for den som sit bak. Men kva nyttar det når gjort er gjort. Eg tykte i grunnen at han som dirigerte trafikken måtte sjå at sjåføren, ei dame på 60 pluss, pluss, ikkje var eigna til slik parkering og bakkestart. Eller kanskje han meinte at den gamle bilen var god nok til slikt? Eg veit ikkje. Han meinte nok: sjåfør er sjåfør – då skal han/ho vere eigna til alle situasjonar! Ikkje noko særbehandling for gamle damer.

Kanskje eg skulle lufta bilen litt oftare? (Men det er gildare å sykla.)

Brit, 11.08.14

NYTT FRÅ HÅ KARATEKLUBB

Klubbmesterskap: Lørdag 31. mai hadde vi klubbmesterskap på Iden. De som ville fikk prøve seg i kata og kumite. De voksne og de med høyest belte fikk prøve seg som dommere. Alle som deltok fikk medalje og T-skjorte. Takk til foreldre som tok med mat og takk for lån av lokaler til Varhaug Idrettslag.(bilde fra klubbmesterskapet og premiene.)

Flytting av lokaler: Klubben valgte før treningsstart etter sommerferien å flytte tilbake til gymsalen på Varhaug Skule. Lokalene her er større og vi kan dermed tilby trening til større grupper. Treningsdag er mandag og onsdag på Varhaug Skule. Nybegynnere kl.18.00, viderekomne kl.19.00. I tillegg tilbys nå trening både på Bø Skule (tirsdag og torsdag) og Vigre Skule (mandag og torsdag) på Nærbø. Vi prøver med egne nybegynnerkurs for 5-6 åringer (alle steder) og egne nybegynnerkurs for voksne (Nærbø). Håper at enda flere vil å trene karate.

Lurer du på hva vi driver med – kom innom på trening og sjå og/eller kontakt Sensei Audrone 966 74 321



NM

Styret i Hå Karateklubb.



Vestlandsmesterskap



Vestlandsmesterskap



Gradering hvitt og gult



Haugesund Open - 17 -



Gradering voksne



Gradering orange og grønne

*Du finner det meste
hos oss ;-)*





Motbakkar

På sykkel
opp om Tvihaug, Bjorheim
Ueland og Elgane
susa nedover Skretting
med praktfull utsikt

Opp om Auest'
susa nedover Stølane
tunga beint i munnen
i svingane
HERLEG!
kjenner eit «kikk»
når det passerar
56 km/t

Oppover att
same bakken
sukk og stønn
pust djupt
gira ned
så vidt sykkelen sig
føtene kjennest som bly

Ein kneik forbi Enevald
ein ny kneik forbi Jonas
det går jo rett opp

Snart oppe?
nei, ein ny sving
og endå meir opp
Gi meg?
Nei, pust djupt

OPPE!
pustar – girer opp

Eg sigra
pusten kjem
sakte attende
FANTASTISK
HERLEG
IMPONERANDE

Tek like godt vidare
opp om Elgane
over Ueland
ned att Buevegen

Det er på toppen
ein kan sjå
vidt utover Jæren
PRAKTFULLT
OVERVELDANDE

Nokre gonger
kan livet
kjennast sånn;
uovercomeleg
sigeren kjem
når ein ikkje
gir opp!

Brit, 17.10.13

Spreke bygdekvinner på tur til Rabaliå

Måndag 23. juni tok 11 damer frå turgruppa turen til Ognå, der Bjørg Omland skulle vera los. Utanføre idrettsanlegget på Varhaug kjende me nordavinden veldig godt, men ved kraftstasjonen på Ognå var det mest vindstille og 3 grader varmare. Så i sol og fint ver tok me i vei mot dagens mål; Rabaliå. Og der var det fint, sol, stilt og mykje fugla song, ja endå til gauken høyrde me. Nokre få sauebjøller høyrde me og. I Rabaliå var det mest som det flottaste maleri.

Vel framme var det kos på terrassen til Bjørg og Oskar. Han hadde nett hatt bagedag, og den fekk me smaka på nå.

Mette og nøgde takka me for turen og maten til både Bjørg og Oskar.

Me er ein god gjeng som kvar måndag går tur. Kor turen går, bestemmer i grunnen veret. Av og til går me til Skrettingland, av og til ned Bratlandstræe, av og til rundt om Odland, eller me fyllar opp bilane og køyrer eit stykke før me gårDet er plass til fleire, så viss du har lysst å vera med

oss så møt opp ved idrettsanlegget måndag kl. 09.30. God tur! Aud B.B.



Foto: Berit Bø

Helseminister Bent Høie opna nytt helsehus

Bygdekvinner på Klokkekarhagen.

Mandag 1. septemver var det opning av nytt helsehus på Varhaug, og då var det besøk av helseministar Bent Høie, ordførar, rådmann og andre. Tove Dubland ynskta i dette høvet å visa samspelet mellom kommunen og frivillige organisasjonar, og då var 4 bygdekvinner saman med nokre bebuarar i lag for å laga potetkaker. Det vart mange potetkaker som var servert samen med smørbrød og kaker til gjestene. Me fekk og helsa på desse.

Det er alltid gildt å koma til Klokkekarhagen. Tida går fort fram mot advent, og då vert nok og nokon frå bygdekvinnelaget å sjå ved bakbordet på Klokkekarhagen. Me har lova å vera med å laga småkaker til jul slik som i fjor.

Aud BB.



«Librekksdaene»

Desse dagane har vore fantastiske. Regn og surt ver hindra ikkje folk i å finne vegen til Lerbekk skule helga 22. – 24. august. Allereie 1 1/5 time før opning på fredagen var nokre på plass. Og då klokka nærma seg 14 strøymde folk til og parkeringsplassen var heilt full, og det var kø framom inngangen. Heldigvis held himmelen tett ei stund slik at Sigbjørn Varhaug kunne ynskje velkomen til Odd Dubland med måleria, og til dei som var møtt fram for å sjå utstillinga. Det gjekk ikkje lang tid før fleire bilete fekk raud lapp, og allereie første dag var over halvparten selde. Folk frå fjern og nær møtte fram.

Fleire kom og langvegs ifrå.

I lærarbustaden var det kafé med sal av kaffi, syrekaker og steinbakte brød. Ja, brøda kom rykande ferske rett frå omnen til Lars Nord-Varhaug på Reiest. Og dei smaka nydeleg enten med berre smør på, eller med sirup, prim, brunost, stikkelsbærsylt, ripsgele eller egg og ansjos. Alt etter smak og behag. Havregraut var det òg, om ein ynskte det. Kaffien var kokt på ein stor bedehuskjel, og servert på gamlemåten rett frå kjelen. Heilt tydeleg at folk sette pris på både syrekakene og dei steinbakte brøda. Drøset gjekk triveleg rundt borda i stova. Mykje folk gir ei god og intim atmosfære i desse gamle stovene.

*Brit Obrestad
Helsing Styret i Svala 4h*



VELKOMMEN TIL VARHAUG

Slik står det ved ESSO, saman med eit fint blomebed. Og blomar er det mykje av i sentrum i år, både langs gatene og utanfor Rådhuset. Håpar at me får litt meir i Stasjonsvegen til neste år. Det er mange som har sakna amplane.

Men kva skal me gjera med Jernbaneverket? Kven har ansvaret for alt ugraset og grapset som er innanfor gjerdet i stasjonen? Den avblomstra geiteramsen spreiar frøa sine over alt. Uff og uff!

INTERNATET

Som vel dei fleste på Varhaug veit, er dette huset som bondelag, bygdekvinnelag, BU og 4H eig midt i Varhaug, like ved Fjordkjøkken. I sommar har bygget verkeleg fått eit «ansiktsløft». Internatet fekk eit stort tilskot frå Time Sparebank som gjorde at me i sommar fekk skifta dei stygge platene på nordre veggen v/Vigrestad Bygg.

Det var og skifta dei vindaugo som stod att på nord, og denne jobben gjorde Olav Husveg og Anthon Tjemsland. Takk til desse to + Ingve Skretting som sytte for at dei gamle platene kom ned og vart køyrde vekk. Nå kjem og skiltet på veggen med namna til eigarane og mykje meir til sin rett. Det er nok ikkje berre eigarane som tykkjer det er gildt å koma til styremøta sine nå. Vel så gildt er det nok for dyrlegane og leigetakarane i 2. etasje.





Petra på basar.

Poteta Petra besøkte Varhaug på si reise gjennom Norge og fekk oppleve Varhaugkultur på sitt beste, nemlig ein ekte basar!

Norske 4H arrangerer i år "Det store potetløpet". Poteta Petra skal på si reise frå Pasvik i Finnmark 4.mai til ho kjem fram til Oslo 17.oktober, innom alle fylka i Noreg. Petra skal delta på minimum 2 klubbmøter i alle fylker og ho skal reisa gjennom landet på ein miljøvenleg måte. Petra har reist med hest og kjerre, båt, rullebrett, tog og sykkel. Poteta har vore på tomatfestival og filmfestival, blant anna.

Bakgrunnen for "Det store potetløpet", er Norske 4H sitt tema "frå jord til bord". Ein ynskjer her å setja fokus på korleis mat vert produsert, fysisk aktivitet og rett kosthold. 4H ynskjer å ha eit levande landbruk i framtida, difor må ein verna om det me har i dag, for å halda jord og kunnskap i hevd.

Torsdag 28.august var dagen då Petra kom til Varhaug. 13 4H-medlemmar og 2 vaksne frå Svala 4H, sykla frå Varhaug til Jærmuseet på Nærbø for å ta del i denne nasjonale stafetten. I skinande sol sykla spente 4H-arar for å overta Petra og visa ho bygda dei er så stolte av, før poteta skulle leverast vidare til Solglimt 4H på Vigrestad.

Petra fekk sjå Kvimarka næringspark, landleg idyll, solnedgang på Jæren og spela volleyball på Internatet (Svala 4H sitt klubbhus), før ferda gjekk til Varhaug bygdekvinnelag sin basar. Petra fekk med seg flott trekkspelmusikk, prolog av Brit Obrestad og nyte synet av god mat. Alle basarar med respekt for seg sjølv, sel årer. Petra fekk ei åre, og dermed 10 vinnarsjansar. Ho vann diverre ingenting, men kanskje det var like greitt sidan ho skal reisa så langt.

Beste helsing May Helen Skrettingland og Kristin Søyland

Mottatt Petra: frå venstre; Aasbjørn Aasland, Karl Tjemsland, Anita Lerbrekk, Roy Kenneth Auestad, Andreas Eeg Aanestad, Sindre Skretting, Svein Inge Lutsi, Karsten Lutsi, Helle Skretting, Ingvild Topdal Seland, Thilde Skretting, Ragnhild Skretting, Tobias Aanestad jr.



Før avreise frå Varhaug: frå venstre: Karl Tjemsland, Kristin Søyland, Aasbjørn Aasland, Terje Lerbrekk, Svein Inge Lutsi, Karsten Lutsi, Ingvild Topdal Seland, Helle Skretting, Thilde Skretting, Ragnhild Skretting, Sindre Skretting, Tobias Aanestad jr., Roy Kenneth Auestad, Anita Lerbrekk og Andreas Eeg Aanestad.



Petra med familie.



Haustfest

SVALA 4H



Det vert haustfest i Svala 4H Fredag 17. oktober kl. 19.00 på Varhaug barneskule. Sett av datoen på kalenderen allerede nå. Her kan de blant anna få sjå utstilling av alle prosjekta som medlemmane har arbeid med gjennom 4H-året. Her er det mykje flott arbeid.

**Velkomne til fest!
Styret i Svala 4H**

Nytt styre i Varhaug Bygdeungdomslag.

Hei og hopp BU er topp ! Nytt styreår har starta og me er glade for att me nok eit år har klart å samle ungdommer som vil gjera godt for bygda vår. Å ha eit engasjert ungdomsmiljø betyr mykje for Varhaug, både misjonshuset, idrettshuset, 4H, Bygdeungdomslaget skaper liv og mangfold i bygda vår.

Torsdag 28 august vart det halde årsøte for VBU på internatet. Ane Eckhoff Varhaug, Ingfrid Viland, Gunnar G. Skretting og Maren Ueland takka for seg og slapp "yngre" krefter til. Alle ynskjer å takke for fleire kjekke år i BU og ønsker det nye styret lukke til med nye oppgåver. Me er alle sikre på att det kjem til å verta eit bra år for VBU.

Det nye styret består av :

Leier: Olav Varhaug
Nest leier: Leif Egil Siqveland
Kasserar: Eirik Varhaug Jr
Styremedlem: Marianne Varhaug
Styremedlem: Maren Arnes
Styremedlem: Kristine Aanestad
Vaktmeister : Martin Hoberstad.

LIK OSS PÅ FACEBOOK:
VARHAUG BYGDEUNGDOMSLAG



Stor byggeaktivitet i sentrum på begge sider av linja.

Skrettingen sin nye butikk er nå snart klar til innflytting. Det skal verta gildt. Fjordkjøkken er nå snart ferdig med tilbygget på aust, og hos O.G. er dei gamle bygningane på nord vekke, og dei er i gang med nybygg. Meir om dette i neste nummer.

Flott hage dag hos Kari og Lars Nord-Varhaug med konsert

Søndag 10. august var det åpen hage hos Kari og Lars i samarbeid med Hå hagelag som hadde sal av ymse stauder.

Denne hagen har Varhaugbuen skrive som tidlegare, då dei i fjor fekk premie som ein av dei finaste hagane på Varhaug.

Til tross for det fæle veret me hadde dagen og natta før, synte likevel hagen seg frå den flottaste sida. Mykje folk var innom. Dei vandra rundt og såg på alt det fine og så var det mange stader ein kunne setja seg ned etter å ha kjøpt kaffi og heimelaga kaker.

Då sjølve hagedagen var over, var det det ein gild konsert i den flotte løa til Kari og Lars, og det er ikkje berre utomhus det er mykje fint å sjå på. Eit lite hundre fekk her med seg ei hyggestund med nydeleg song av Hilde Selvikvåg som (23) er oppvaksen på Lye, like utanfor Bryne på Jæren. Ho har spelt piano sidan ho var seks år og har vore songelev ved Time kulturskule sidan ho var 11.



Hausten 2011 var Hilde med i talentprogrammet, Idol, på TV2. Her fekk ho vist seg fram for fleire hundre tusen sjåarar då ho song si eiga tolking av Hellbillies-låta «Den finaste eg veit» på audition.

Våren 2012 gav Hilde ut EP-en, Løvetannfrø, innspelt og miksa i Musiclub Studio på Randaberg. Fleire av låtane har blitt spelt mykje på lokalradio.

I januar 2014 starta Hilde innspelinga av sitt debutalbum i ABC-studio i Etne, kor Odin Staveland frå Vamp er produsent. Hilde er opptatt av tekstlege tema som inneheldt alt frå djup lengsel og kjærleik, til det å berre ville trekkja dyna over hovudet ei lita stund til om morgonen. Særpreget hennar ligg i både uttrykk, melodiføring, stemmeprakt og bruk av jærdialekta.



Bondelaget Åpen gard

24 AUG var det åpen gard hjå Kurt Hobberstad på kvasselvbakken. I førekant var bygdeungdomslaget, bygdekvinnelaget og 4H saman med oss i bondelaget og Kurt, på to møter, og la planen om korleis me ville leggja opp dagen. Bygdeungdomslaget sto for smådyravdelinga, kjempeflinke var dykk, til å rigge til, være med på dagen å rydde opp. Bygdekvinnelaget sto for salg av kaffi, lapper og saft... 4H sørga for enn spennande natursti, i regi av Tobias Aanestad og bondelaget hadde salg av pølser, spona av Nortura og juice frå Tine.

Værgudane var ikkje akkurat på solskinnssida den aktuelle dagen, men trass i ei sjikkeleg rotbløyte, var det ein del folk som fant vegen til kvasselvbakken. Der fekk dei hoppa i høy, kjikka i robotfjos, kjøyre på traktor (utlånt av f. Varhaug og Eik) kose med ulike smådyr og litt å bite i. Det var og gjeterhundoppvisning av Steinar Karttvoll m hund. Det var eit flott skue å sjå ein heilt fokusert hund. Oppsummert vil me seia att åpen gard gjekk kjempegodt, me håpar dei som fant vegen kosa seg, for det gjorde me. Tusen takk til alle i kvasselvbakken for gjestfriheten.

Varhaug bondelag har ein ting i framtida på programmet, det er årsmøtet 16 okt 2014 på Lerbrekk skule. Styret i Varhaug bondelag, Bygdeungdomslaget.

Bygdekvinnelaget og 4H.



GRILLKVELD PÅ LERBREKK SKULE

Tysdag 5. august 2014 hadde Vennelaget for Lerbrekk skule igjen gjort klar for grilling i eit strålende sumarver.

Til toner frå Jærbelgen og trekkspela starta grillkvelden på Lerbrekk skule. Musikk som «Vigelandsvalsen» og «Sommernatt i Froland» kunne kanskje høyrast like nede i strandsteinane denne sumarkvelden. Vindstille og klar sumarvarme, gav eit fantastisk syn utover sjøen, og krok-ketbanen blei igjen omgjort til arrangementsplass.

Leiar Sigbjørn Varhaug ønskte alle dei 85 frammøtte velkommen. Jærbelgen blei spesielet helsa, og kapellmeister Agnes fekk ståande applaus og hyllest på forskot, då ho fyller 50 år sundag 10. august! Folk frå heile kommunen veit å setja pris på drøset og det sosiale desse grillkveldane skaper, og styret var veldig nøgde med at så mange hadde funne vegen til Lerbrekk denne fine kvelden. Det var gildt å sjå tidlegare elevar koma til skulen for fyrste gong.

Grillen var snart varm så koteletter og pølser vart fort ferdige. Grillmaten smaka godt ilag med god salat og nykokte «småepler» frå Årsland. Bakgrunnsmusikk frå «Agnes og dei», som spela den eine kjennelege melodien etter den andre, både vals, polka og «evergreens», gjorde det ekstra triveleg. Etter grillmaten var det godt å slutta av med kaffi og mange gode kaker.

Så var det tid for allsong frå songboka, og me song både «Gryta hennar mor» og «Det lå en pjokk og lukte», «Fager kveldsol smiler», og «Mellom bakker og berg», med hjelp av gode forsongarar.

Sigbjørn fortalde og les litt frå historia frå Eidsvoll og 1814, sidan me i år feirar 200 års jubileum for grunnlova. Han gav oss glimt frå tida då mennene samla seg og arbeidet med å laga grunnlova. Innimellom elles fortalde han små historier som fekk fram smilet og låtten.

Han informerte om at me skal ha salsutstilling med måleri av Odd Dubland, og at tema då vert «gamle dagar».

Dei fem musikarane og grillmeistrarar blei overrakt roser som takk for god grilling og fin musikk. Me av slutta med songen «Kveld på Jæren». Flott song med tekst av Tobias Skretting.

Etterpå fekk trekkspelgruppa slutta kvelden med endå meir musikk. Folk kunne sitja lenger for å nyta musikken og den fine sumarkvelden. Ein kjekke kveld for drøs og samvær var igjen vellukka over, i det flottaste veret ein kunne ynskja seg.

Inger Haugstad



JÆR MESSA

Leiinga på Iden er vel nøgd med sjølve messa, men kunne nok ynskt seg betre ver. Men det er det som kjent ikkje noko me rår med sjølv. Utstillarane var og nøgde med måten standane var organisert på i høve til resten av arrangementet. Dei følte dei viste betre igjen enn tidlegare år. Og matsalet gjekk unna, ca 2.500 Skretting komle vart selde.

Mødeplassen

Nå er avtalen med Sentrumsgården i boks, og aktivitetane mandag og tysdag held fram som før.

Mandag kl. 12.30 spelar me kort – plass til fleire, kom og vær med oss!

Mandag kl. 15.00 er det bingo. Her er og plass til fleire.

Tysdag kl. 10.30 er det seniordans

Sentrumsgården

Som me skreiv om I sist nummer av Varhaugbuen, så har me der fått ein garn- og leikebutikk. Der er det mykje fint og hyggeleg betjening. Varhaugfolk, bruk denne butikken, slik at den går så godt at dei kan halda fram og kanskje utvida sortimentet.

Monicas frisør matte diverre stenga for ei stund. Ho har barselpermisjon, og fekk ikkje tak i nokon avløysar. Men ho vil koma sterkt tilbake så snart det let seg gjera.

På kafeen er det middag kvar dag, men det er mest folk om søndagen. Dei har god og rimeleg mat, så her kjem ei oppfordring: «Har de lyst til å ha det lett lettvtint ein dag; så gå der og et middag»

I tillegg til desse har med sporten, pizzaen, bilvask og leikeland i Sentrumsgården. Er Varhaugsfolka flinke til å støtta opp om desse, kan det kanskje koma andre butikkar og?

Eg snakka litt med dameene i «Troll i esken», som hadde hatt stand på Jærmessa. Dei tykte det hadde vore gildt, og dei hadde fått selt ein god del, mellom anna av dei hekla uglene. Denne butikken har eit vell av gåver til små og store, og for dei som er flinke med hendene er det mykje gildt i garn og oppskrifter. Ta turen innom, så ser du sjølv!



LINN BAD INGRID

120 cm kommode

Før: 9 820,- **Nå: 4 910,-**




Vi har også diverse småutstyr og kjempegode håndkle



Opstadvegen 621, Varhaug
Tlf. 51 79 83 10

Åpningstider
Mandag til fredag 08.00-16.00
Lørdag stengt



Jørens beste

Hå skulesjakk

Skulesjakken blomstrar fortsatt på Varhaug og Vigrestad. På Vigrestad spiller me sjakk på torsdagar kl 1730-1845 på ”kulturtorget Vigrestad” som ligg ved sidan av Misjonshuset, rett ved jernbanen. Oppstart vert 18. september.

På Varhaug spiller me tysdagar kl 1730 – 1845, og spelestad er «stadlen» på lensmannsløa. Me startar opp 16. september. Kanskje vil med få til samlingar for dei som har spelt lengst ein annan dag, slik at me kan betre fylgje opp dei som er heilt fersk.

Frå Nærbø er det med nokre som spelar på Vigrestad eller på Varhaug.

Norway chess arrangerte skuleturnering 6. juni på vitenfabrikken på Sandnes. Eit 5-mannslag frå Varhaug skule deltok, Laget besto av Bård Kydland, Asle Kydland, Oskar

Feed Jakobsen, Kristian Gramstad og Jone Ege. På generalprøve på Bryne 27. mai vant laget og fekk med premie på kr 5000 til skulen. Men på hovedturneringa måtte dei nøye seg med å verta nr 19 av 29! Men laget fekk helse på versmeister Magnus Carlsen og dei beste i verda.

I november vert det norgesmeisterskap individuelt for barn og unge, og her har vi meldt på 6 spelarar. 2 av dei i ungdomsklassa. Referat frå NM kjem i nestenummer av Varhaugbuen. Under det skikkelige NM (landsturneringen i juli) vart bestemenn frå Hå skulesjakk (Martin Nilsen) nr 5 i Junior A. Han har no ei rating på ikring 2000! Å verta like god som han er noko å trakte etter for dei som no er med i klubben.

Med sjakk helsing frå Per-Arvid



Varhauglaget



Spillet er i gang



Helser på Magnus

Kristian og Bella til topps!

40 mønstrarar og like mange kalvar kan høyrast ut som eit virrvar og skrema dei fleste til å verta nervøse, men ingen klarte forstyrre det fine samspelet mellom Kristian Skrettingland og kalven 624 Bella.

Bella er av rasen Skotsk høylandsfe, og er eit sjeldant syn på kalvamønstring på Jærmessa. Den svenske domaren, Gill Zeilon, poengterte at eit kjøttfe (som Bella er), skal mønstrast på annan måte enn mjølkerasar. Når mønstrarane av mjølkerasar skal gå baklengs i ringen, skal kjøttfemønstrarar gå ved sida av framfotene til dyret og gå framlengs. Kristian Skrettingland hadde trent på akkurat rette måten og hadde eit fantastisk roleg og harmonisk samspel med kalven sin. Dommaren var ikkje i tvil om at Kristian var beste mønstrar i klassen 12-15 år, og Kristian kunne, med eit smil om munnen, ta i mot sløyfe og stasband til kalven, pokal, diplom, kopp og teppe med kumønster til seg sjølv.

Kristian seier at han har trent mykje med Bella. Kvar gong han gir kraftfôr til dei to kalvane som går utanfor huset, set han seg ned og kosar med dei. Vanlegvis er kjøttfekalvar vanskelege å få tak på, sidan dei går med mora. Kristian seier at dei har solgt kyrne til dei to kalvane, og at det difor har vore lettare å prega kalvane enn det vanlegvis er. Kristian tykkjer det har vore gildt å vera med på utstillinga og at han kan tenkja seg å vera med neste år òg. Varhaugbuen gratulerer med sigeren!

I år var det 9 ungar frå Varhaug som mønstra kalv, og alle gjorde ein veldig bra jobb. I klassen 12-15 år vann Kristian Skrettingland, medan Regine Varhaug kom på ein fin 3.plass. I klassen 10-11 år, kom både Mikkel og Maria Skretting vidare blant dei 5 beste, medan Jesper Halvorsen og Helle Skretting kom på ein delt 6.plass med resten av gruppa. Spesielt med både Mikkel, Maria, Jesper og Regine, var at dei hadde store og flotte kalvar. I klassen 8-9 år deltok Live Skretting og i klassen 4-7 år deltok Ingrid Varhaug og Sigurd Skretting. Alle fekk med seg konstruktive tilbakemeldingar



Sigurd Skretting trener litt for mønstringa tek til

frå den svenske domaren. Det er fantastisk gildt å sjå på alle saman, som har god kontakt med dyret sitt, har trent i lange tider og viser kalven på ein flott måte.

Kristin Søyland



Maria Skretting



Live Skretting



Kristian Skrettingland og Bella



Mikkel Skretting set på grime



Sigurd og Live Skretting høyrer på domargjenomgangen

Alt fe er sin herre likt!

Det gamle uttrykket ”Alt fe er sin herre likt”, kunne me sjå i praksis på Jærmessa. Det meinte i alle fall Hans Storlien, frå Geno, då han såg den rolege varhaugbonden Tommy K. Skretting mønstra den like rolege NRF-kua si på kuutstilling på Jærmessa.

Profesjonelle domarar.

Tommy var ein av fleire varhaugbuar som hadde funne fram godkua si og ville få ho dømd av kunnige dommarar på Jærmessa. Avdelingssjef Marked Norge, Hans Storlien, var domar i NRF-klassen, medan svenske Gill Zeilon, frå Svensk Holstein, dømde rasane Holstein og Jersey. Gill Zeilon er ein anerkjend domar med stor internasjonal erfaring. Nettopp at kuutstillinga på Varhaug har så profesjonelle domarar, gjer det ekstra interessant for bøndene å delta på utstillinga.

4 varhaugbuar på utstilling

I år var det 10 Jerseykyr, 25 NRF-kyr og 11 Holstein-kyr som deltok på utstilling. Av desse var 9 kyr frå Varhaug. Tommy K. Skretting vann i klassen eldre NRF med kua 653 (på utstillinga døypt til Miss Skretting) og kom på 2.plass i klassen 1.kalvs NRF med kua 713. Marianne Varhaug deltok med kua 963 og gjorde ein kjempeflott mønstringsjobb, sjølv om kua ikkje kom til topps. Hanne og Arild Helland banka inn sigeren i klassen eldre Holstein, med gromkua si 1020 Perla, medan 1.kalvskua deira 1079 Tulla mi kom på ein fin-fin 2.plass. Ole Morten Aanestad brukte halve natta før utstillinga på å klyppa kyr, og han presenterte 4 flotte dyr i ringen. 1.kalvskyrne 685 Annie, 702 Olisa og 706 Maddy kom på 3., 4. Og 5.plass medan den eldre kua 1002 Elly kom på ein flott 3.plass. Den svenske domaren kommenterte at det var veldig flotte dyr i Holsteinrasen på Jærmessa.

Korleis velje ut rett ku til utstillinga?

Det er mykje personlegheit og sjarm med kyr, og bøndene

kjenner lynnet til dyra godt. Ein tek ikkje med seg dei vilaste dyra ein har i fjøset, sjølv om denne skulle visa seg å ha eit fint eksteriør. ”Ein risikerer ikkje liv og helse for å vinna ei utstilling”, sa den utflytta varhaugbuen Sveinung Haaland, som hadde leidd inn att 2 flotte kyr i fjøset, fordi dei ikkje var gilde nok til å vera med på utstilling. Hanne Varhaug Helland nemner at det som kjenneteiknar deira gromku, Perla, er at ho er fin og fantastisk til å mjølka, men ho er så stor at det hadde vore umogleg å ha henne med om ikkje ho var veldig gild i tillegg. Ole Morten Aanestad nemner at det er viktig å trenar med kyrne før ein tek dei med seg på Jærmessa, og at han aldri let kyrne få ta hovudet ned mot bakken, når han leier dei. Gjev han kyrne lov til dette, oppdagar dei at dei har meir kontroll enn mønstraren, og då er ein ille ute.

Miss Jæren og Gullkua.

Hovudmåla med å stilla ku på Jærmessa, er å delta i konkurransen om titlane Miss Jæren og Gullkua. Miss Jæren er den kua med finast eksteriør, medan Gullkua er den mest haldbare kua. Hanne Elin Herrebrøden si ku 776 Etonie frå HE-Rosnes på Austre Åmøy stakk av med tittelen Miss Jæren. Utflytta varhaugbu, Inga Skretting, si ku 1083 Litago vart kåra til Gullkua, i år som i fjor.

Vellukka utstilling

Kuutstillinga på Jærmessa har vorte arrangert i over 10 år, og det har utvikla seg til å verta ei profesjonell utstilling med gode forhold for både mønstrarar, kyr og publikum. Utstillingskomiteen er trygge på det dei gjer, kontinuiteten i komiteen er god og samarbeidet mellom Varhaug Idrettslag og sjølve utstillingskomiteen er kjempegod. Det gav gode rammer for ei flott utstilling, nok ei gong!

Kristin Søyland



Flott mønstrar, Hanne



Hanne Varhaug Helland



vinnarkua til Tommy K. Skretting



Gullkua 2014



Geir Erik Ånestad frå Varhaug Bondelag løser kyrne trygt på plass



Marianne Varhaug



Miss Jæren 2014



Ole Morten Aanestad med ei av sine kyr



Tommy K. Skretting



Erik Auestad mønstrar ku for Ole Morten Aanestad

Med Rogaland bygdekvinnelag på

Jentetur til Sveits

3 frå bygdekvinnelaget på Varhaug, Eva Aniksdal, Oddbjørg Skrettingland og undertekna, fekk ei kort natt etter basaren. Kl.05.30 møtte me 35 andre damer, som nok var like trøtte som oss. Men sjølv ein utruleg lang og slitsam innsjekk tok ikkje humøret frå desse damene, og via Frankfurt landa med i Zurich nokre timar seinare. Der stod bussen klar, som først tok oss med til Luzern, som ligger ved Vierwaldstettersee. Her fekk me med oss den berømte trebrua frå 1333 med maleri og blomekassar overalt. I 17.00 tida kom me fram til hotellet i Interlaken, som vert drive av norskætta Sven Breiseid. Me fekk helsa både på han, den norske faren og mora frå Sveits, og heile familien snakka perfekt norsk. Her budde me heile tida, og me var vel nøgde med alt; fine rom, god mat og ikkje minst hyggeleg betjening. Familien Briseid tok seg og tid til å være saman med oss 1 times tid før middag. Der drøste dei med oss i tillegg til å fortelja om seg sjølv og hotellet, som hadde 186 rom. I tillegg fekk me noko kaldt å leska oss med + litt å bita i. Utruleg hyggeleg folk, som tykte det var ekstra gildt med norske gjester. Eg hadde med siste nummer av bladet, som Sven fekk, og då eg sa at eg skulle skriva litt om turen, spurde han om eg ville senda dette nummeret og.

Det var lagt opp til ein vandretur til Harder Kulm på 1322 m, som ikkje låg så langt frå hotellet. Sidan det hadde vore så mykje regn i det siste, vart me råda frå å gå opp. I staden tok me ein taubane, som var ein fin tur opp til ei eineståande utsikt. Etter ein god lunsj, var det taubanen ned for dei fleste, men det var og mange som gjekk ned. Dei meinte at stien var så god at det hadde ikkje vore noko problem med både opp- og nedtur til fots. Neste dag var det tur til eit ysteri som låg i 1850 m høgd. Vegen var smal og hadde mange svingar, men me hadde god sjåfør. Her såg me store flokkar med Braun Swiss kyr på sommarbeite, og med alle kubjøllene, vart det mest som kyrkjeklokkar. På vegen heim køyrde me gjennom ein liten by, som hadde Alpenfest med opptog og musikk. Ikkje vanleg korps slik som hos oss, nei her var det store, fint pynta kubjøller det vart dingla med. Denne festen er som ein Jærdag med musikantar frå dei ymse bygdene



rundt omkring, og rundt 100 korps var med. Ei utruleg oppleving. Regnet heldt seg borte til opptoget mest var ferdig, men då hølja det ned. Dei fleste av oss hadde med paraply eller anna, så me kom oss temmeleg turrskodde tilbake til bussen

Me hadde og ein dagstur til Ballenberg, som er eit museum på eit 660 mål stort område med gangstiar mellom 1000 gamle tun og flotte bygningar. Noko i likskap med Maihaugen hos oss, berre så mykje, mykje, større. Og så var det og husdyr og aktivitetar av ymse slag i mange av husa.

Tysdag var vel den flottaste dagen, då me skulle til Jungfraujoch på 3454 m. Eg har fått certificate som viser at eg var der 2. september 2014 kl. 11.03 «Top of Europe».

Trur ikkje det er plass i bladet til meir frå denne turen, de får berre ta ein ferietur til Sveits sjølv. Interlaken ligg ikkje så langt frå Wengen, som sikkert er kjent for dei fleste.

LIV



Varhaugmarken - Quo Vadis?

Marken i år seier me ikkje meir om. Men til neste år må me få Varhaugmarken «fram i lyset igjen», slik som tidlegare år.

Bedriftsforeninga og Varhaugbuen har vorte samde om å kalla inn næringsdrivane + lag og organisasjonar til eit ide-møte. Nå må alle begynna å tenka på kva me kan laga til/få til på marken. Her gjeld det å vera kreativ. Me skal bygga på same leisten, men me og koma fram til noko og spanande. Og så me alle stå saman og dra i same retning for å få til ein gild marken både for folk i bygda og andre. Dette Ide/info møtet vert

Tysdag 11. november kl. 19.00 på Mødeplassen i Sentrumsgården

Innkalling til møtet vert sendt i posten, men merk deg dagen nå, DU som har lyst å få til 2 gilde fest dagar i juni 2015: Varhaugmarken.

Stoff-frist

Stoff frist for neste blad er
8. november

Dette kan enten sendast direkte til: livhob@online.no eller legga det i postkassa til Liv.

Sender du Word dokument må bildene vedlegges som egne filer i JPG format.



Eit ynskje frå Ryddegjengen

«Ikkje klem flate eller øydelegg boksar og flasker som de slenger frå dykk rundt omkring. Når me i Ryddegjengen er ute på rydding i stasjonen, samlar me inn desse flaskene/boksane, og panten gjer me til kreftsaka» seier Abraham Nord-Varhaug.



En av våre styrker er at vi kjenner jærbuen, og vi tror jærbuen kjenner oss etter mer enn 100 år med bankdrift.

En alliansebank i eika.

RELANSERING AV METABO ELEKTROVERKTØY

SJEKK
PRISEN!

**BATTERI
STAVLYKT**
18V

599,-

Uten batteri
og lader

**BATTERI
MUTTER-
TREKKER**
18V 400NM
Børsteløs Motor

2499,-
Uten batteri og lader

BASIC-SETT
18V 2X5,2 AH BATTERI
1 XLADER

2499,-

FK Varhaug Tlf 51 77 14 70 Åpent 8-17 (9-14)

**VINKEL-
SLIPER SETT**
WX 2000/W820

1990,-

WEF 9-125
LAV VINKELSLIPER
910 WATT
Arbeider i vinkler
inntil 43 grader

2437,-



butikken

fkra.no/fkbutikken